

Fra: Andreas h <andreas.hundvin@gmail.com>
Sendt: mandag 30. januar 2023 15:00
Til: Einar Aase
Kopi: Lars Ottar Sagstad; odd.haugen.maskinstasjon@gmail.com
Emne: Re: Skjema til byggesak
Vedlegg: Ansvarsrett 56 17 Hundvin.pdf; 5184-soknad-om-personlig-ansvarsrett-som-selvbygger_2017.pdf; 5185n-gjennomforingsplan-2020 (1).pdf

Hei igjen Lars Ottar,

Viser til telefonsamtale i dag. Sjå vedlagt utfylte informasjon.

Med vennleg helsing
Andreas Hundvin

On Fri, Jan 27, 2023 at 3:09 PM Einar Aase <enar.aase@alver.kommune.no> wrote:
Hei,

Stemmer at sak er ført tilbake på Lars Ottar. Vidare dialog kan dermed i utgangspunktet gå direkte til han. Eg kan likevel svare ut på dette med gjennomføringsplan, slik at dykk får moglegheit til å sjå på dette snarast. Håpar dette oppklarar, heller enn å skape forvirring.

Krav om gjennomføringsplan er absolutt der tiltak er underlagt krav om ansvarsrett. Det må altså fyllast ut gjennomføringsplan og sendast inn til kommunen, i samsvar med skjema som eg sende ut tidlegare i veka. Ein må her vise at alle ansvarsområde er dekkja.

Det må òg gå fram av både ansvarserklæring og gjennomføringsplan kven som er ansvarleg søkjar for prosjekt. Dersom Andreas (tiltakshavar) skal stå som ansvarleg for SØK, må dette visast i skjema for ansvarsrett. Ein må då i tillegg fyller ut skjema om søknad om personleg ansvarsrett, som eg sende på mail.

Ved eventuelt svar her, kan dykk gjerne leggje både meg og Lars Ottar som mottakar. Dersom det er spørsmål om nye forhold, kan desse gå direkte til Lars Ottar.

God helg!

Vennleg helsing
Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Andreas h <andreas.hundvin@gmail.com>

Sendt: fredag 27. januar 2023 14:01

Til: Lars Ottar Sagstad <lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no>

Kopi: odd.haugen.maskinstasjon@gmail.com; Einar Aase <einar.aase@alver.kommune.no>

Emne: Re: Skjema til byggesak

Hei Lars Ottar,

Eg har skjønnt det på Einar Aase at han igjen har ført saken attende på deg.

Eg har i dag vore i kontakt med Statens Vegvesen ved Cathrine Thorstensen, dei vil kome med ei utgreiing snarlig då uttalen frå 14/12 vitner om at det kanskje ikkje har vore god nok kommunikasjon internt i Vegvesenet. Eg sender denne over så snart eg har den.

Vidare informer Odd Haugen meg (entreprenør) om at dei no har sprengt i Knarvik og gjerne vil transportere denne massen til Hundvin så snart det lar seg gjere. Håper difor det er mogleg å prioritere saken. Det hadde vore til stor hjelp for meg om me hadde komme i mål med denne så snart som råd er.

Gjer du meg ein lyd om de treng skiltplanen oppdatert? Denne vert jo identisk, men eg blei i stuss på om datoane i den opprinnelege planen framleis er innafor?

Til slutt vart Odd litt i stuss på dette med gjennomføringsplan, då dei står for heile jobben, og det i grunnen kun er snakk om ei operasjon, og til slutt at denne vert gjort allereie neste veke om me får papirene i orden, om de allikevel skulle vere naudsynt med ei gjennomføringsplan utover dette så fyller me ut denne på kort varsel.

Med vennleg helsing
Andreas Hundvin

On Wed, Jan 25, 2023 at 1:56 PM Andreas h <andreas.hundvin@gmail.com> wrote:

Hei Einar,

Viser til telefonsamtale tidligare i dag.

Vedlagt finn du ansvarsrett utfylt av Haugen maskinstasjon. Me finn det enklast om entreprenør tar ansvar for det heile.

Vidare finn du og avtalen mellom meg og Statens vegvesen med omsyn til postvegen. Legg særskild merke til punkt 4.

Håper innsendte dekker det uteståande.

Med vennleg helsing
Andreas Hundvin

On Wed, Jan 25, 2023 at 11:22 AM Einar Aase <einar.aase@alver.kommune.no> wrote:

Hei,

Viser til telefonsamtale. Har lagt ved skjema her. La òg ved skjema for personleg ansvarsrett jf. SAK10 §6-8, dersom du tenkte å søkje om å stå som ansvarleg søkjar for tiltaket.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE